

Hognestad skule

Møtereferat

Møtedato 24.09.24

Til stades: Lilja, Jonas, Vilje, Jenny, Trym, Ingveig og Kristin

Neste møte: 22.10.24, kl. 11.55-12.55 Begge representantane møter

Saker:

1. Oppsummering etter Mapahoney

Mapahoney gjekk bra, mange kjøpte lodd og me kunne hatt endå fleire lodd (kanskje 700?) og premiar. 4 gevinstar låg igjen, desse er elevrådet einige om at me gjer til Hei Verda-dagen. Elles var det synd det ikkje vart laser denne gongen. I forhold til løypa var dekka bra plassert denne gongen men det var litt skummelt at så mange sprang i løypa!

2. Hei Verda!

Elevrådet ynskjer å ha open dag, slik som dei siste åra. Elevrådet hadde ein diskusjon på om me skulle springa rundar for å samla inn pengar. Innspel frå representantane var at då var det viktig at dei vaksne heia meir òg at dei vaksne må følga med på at ingen juksar undervegs. Det kom innspel på både for og mot å springa, men konklusjonen var at me fortset med det, for me får inn mykje pengar til Hei Verda her. Elevrådet ynskjer òg å ha åresalg og gevinstar i hallen. Dei vil også ha ein presentasjon om Zambia. Dei føreslår òg å ha skulekor eller BliMe dansen, kanskje nokre elevar kan syngja eller spela eit instrument? 7.klasse har kafè. Lilja og Jonas tar oppgåva med å laga ein presentasjon.

3. 1.-4.trinn ynskjer å bestemma meir i ballbingen. Korleis kan me løysa det?

Elevrådet hadde ei grundig drøfting med ulike argument for korleis ein kan løysa dette. Dei argumenterte både for at alle som vil kan vera i ballbingen, men òg at det kan vera skummelt for dei minste om dei største alltid er der. Elevrådet bestemte derfor at ein vil forsøka ei løysing i to veker for å sjå korleis det fungerer. Då har 1.-4.klasse ballbingen åleine i 1. friminuttet på tysdag, mens 5.-7. trinn har ballbingen åleine første friminuttet på torsdagen. Me vil ta det opp igjen på neste elevråd og høyre korleis det har fungert.

4. Lekser. Må me ha det?

Elevrådet tok opp igjen spørsmålet frå sist møte, om me må ha lekser. Rektor informerer om at det ikkje er sikkert at me har lov å kutta ut lekser, og elevrådet drøfter ulike måter å løysa det på, med til dømes lenger skuledag med oppgåver, ikkje lekser. Kan foreldra få i lekse “å høyra” elevane i lesing og sjå på matte oppgåver dei har gjort? 5.-7. klasse har vekes lekser, dei synes det er bra å kunne bestemma sjølv kor tid dei vil gjera leksene. Alternativt kan læraren bruka dei siste 10 minuttane på å sjekka om du har lært og det du har jobba med, viss ikkje må du ha lekser?

Konklusjon: alle klassane får i oppdrag å drøfta dette til neste gong og finna **minst** to argument for lekser og to mot.

5. Høyring skuleregler

Rektor la fram kva endringar som var gjort. Det handla om: Det er ei endring frå å heite ordensreglar til no å vere skuleregler, i tråd med ny opplæringslov. Me kan ha lokale trivselsreglar, men skulane skal same sanksjonar (straff). Det er òg nytt at alle skular *skal* ha elevråd, FAU og SU. Og alle skal ha nulltoleranse for mobbing og vald. Skulane skal vera fri for mobil og smartklokker i skuletida, og det er ikkje lov med sosiale medier på skulen sine iPader. Viss det skjer noko straffbart på skulen sitt område *skal* rektor melda det til politiet. Viss det er fare for at ein elev skadar seg sjølv, andre eller ting kan dei vaksne gripa inn og stoppa utageringa.

Elevrådet syntes dette var greit. Dei hadde ingen kommentarar.

Med helsing

Kristin Sando

Elevrådskontakt